

"Kvifor riv og slit vi Kristi lemmer
frå kvarandre og gjer opprør
mot vår eigen lekam?"

Strid og splitting i 1. Klemensbrev¹

ODD MAGNE BAKKE

1 Innleiande kommentar

Mange kristne har opplevd konfliktar og strid i sine lokale kyrkjelydar. Media har stadig reportasjar om teologiske og etiske spørsmål som reiser strid og som einskilde meiner er i ferd med å splitte Den norske kyrkja. Og hever vi blikket utover Norges grenser, ser vi at fleire av dei spørsmåla som har vore utgangspunkt for spenningar hos oss, også har vore det i fleire andre trussamfunn. Vidare, mang ein misjonær kan fortelje om strid og splitting av ulike slag i dei kyrkjelydane der dei har hatt si teneste. Av og til kan ein få ei kjensle av at eit kjenneteikn ved den kyrkja Jesus kalla til å vere *ei* for å gje eit truverdig vitnemål til verda, er at ho lever i strid – både lokalt og globalt.

Paulus brukar metaforen om lekamen og lemmene om dei kristne. Dei kristne utgjer ein lekam med mange lemmar. Og som vi alle veit, skal lekamen vere frisk, må alle lemmene fungere i eit heile i høve til kvarandre – samhandlinga mellom dei må vere intakt. Derfor når det er strid og splitting mellom kristne, er det nok fleire som stiller spørsmål som liknar tittelen på denne artikkelen: "Kvifor riv og slit vi Kristi lemmer fra kvarandre og gjer opprør mot vår eigen lekam?" Dette spørsmålet uttrykker noko av den

¹ Artikkelen er ei populariserande framstilling av delar av mi doktoravhandling "*Why do we divide and tear asunder the members of Christ?*" (*I Clement 46:7*) : a rhetorical analysis of the First Letter of Clement with especial emphasis on the language of unity and sedition, Stavanger 1998. Denne artikkelen har ikkje littaturreferansar. For interesserte syner eg til avhandlinga.

smerten som mange kristne kjenner i møte med splitta kyrkjelyder og/eller splitta kyrkjesamfunn.

Strid og splitting blant kristne er likevel ikkje noko moderne fenomen. Slik aktivitet er alt omtala i NT: Til dømes i 1 Kor, der Paulus freistar å overtale korintarane til å gjere slutt på dei stridane som gjekk føre seg i kyrkjelyden. Og overskrifta for denne artikkelen er eit sitat frå 1. Klemensbrev – eit brev som kyrkjelyden i Rom skreiv til kyrkjelyden i Korint sannsynlegvis under det første decenniet i det andre århundre. Det hadde på nytt brote ut strid og skisma blant korintarane. Og kyrkjelyden i Rom skriv eit brev, ført i pennen av ein framståande presbyter med namn Clemens, der ein påpeiker alvoret og dei store farane ved den pågåande konflikten og på denne bakgrunnen oppmodar korintarane til å avblåse stridane og gjenopprette den tidlegare tilstanden av fred og samhald som, i følgje forfattaren, prega fellesskapet i kyrkjelyden. Den grunnleggande tematikken i 1. Klemensbrev synest med andre ord å vere kjend med tanke på dei mange konfliktane og stridane som ein kan finne blant kristne i dag. Derfor vil eg meine at forsking på 1. Klemensbrev ikkje er interessant utelukkande ut frå eit reint kyrkjhistorisk perspektiv, men også fordi hovudtemaet har aktualitet i dag.

2 Kort introduksjon til 1. Klemensbrev

1. Klemensbrev var omtykt i oldkyrkja. Einskilde stadar vart brevet rekna som ein del av den nytestamentlege kanon. Eusebius skriv i den første framstillinga av kristendommens historie at dette “uomtvisteleg ekte, storarta og beundringsverdige brevet” vart lese offentleg under gudstenestene heilt fram til hans eiga tid (ca. 325). Autoriteten til brevet er vidare reflektert i den kjennsgjerninga at vi finn det i det kjende handskriftet *Codex Alexandrinus* (frå ca. 500) saman med dei nytestamentlege skrifta. Etterkvart som retningar som oldkyrkja vurderte som heretiske (gnostisme og Marcion) opererte med ulike sett av heilage, autoritative skrift vart ein så og seie tvinga til å tenkje gjennom meir medvete kva kriterium eit skrift måtte oppfylle for å få status som kanonisk. Eit av desse var at det måtte vere forfatta av ein apostel eller aposteldisippel. Dette kriteriet oppfylte ikkje 1. Klemensbrev, og dermed kom det heller ikkje med i den endelege nytestamentlege kanon.

Likevel er det heva over einkvar tvil at brevet er av stor verdi for vår kunnskap om den tidlege kyrkja. Derfor har brevet naturlegvis vore gjenstand for omfattande forsking. For omlag 40 år sidan skreiv den svenske forskaren Olof Andrén at 1. Klemensbrev “vidrörts av snart sagt alla fors-

kare på den äldsta kyrkans område". Det er dekning for å seie det same i dag også. Det som i særleg grad har vore i fokus, er kva brevet seier om status og funksjon til embete, inkludert spørsmålet om brevet innheld noko som peiker i retning av eit romersk primat. Etter mi meining har interessa for desse spørsmåla vore overdimensjonerte og medført at ein ikkje heilt har kome til rette med det som eg meiner er hovudtema i brevet². Men også andre problemstillingar har vore i fokus: forfattarskap, datering, genre, kjelder, religionshistorisk bakgrunn, struktur og argumentasjonsgang – og ikkje minst har spørsmålet om den historiske situasjonen i Korint og kva som var den underliggende årsaka til striden og splittinga engasjert forskarane. I det følgande skal eg avgrense meg til å ta opp det sist nemnde.

3 Strid blant dei kristne i Korint³

Når ein skal freista å seie noko om kva som gjekk føre seg i Korint og som var utgangspunktet for 1. Klemensbrev, må ein distingvere mellom det som verkeleg gjekk føre seg, og den framstillinga brevet gjev av hendingane. Forfattaren har eit bestemt sikte med brevet, og hans måte å omtale hendingane på er ganske sikkert prega av dette. Problemet er at 1. Klemensbrev er den einaste kjelda som omtalar det som gjekk føre seg i Korint. Derfor er eg medveten om at det følgjande er basert på Klemens' framstilling av situasjonen og at ein ikkje utan vidare kan føresetje at denne samsvarte med den historiske situasjonen. Men når dette er sagt, vil eg vere snar med å legge til at dersom gapet mellom slik Klemens framstiller hendingane i Korint og den verkelege situasjonen var for stort, er det lite truleg at brevet ville fått den gjennomslagskrafta som vi veit det fekk. Dette indikerer at det må vere ein rimeleg grad av samsvar mellom situasjonen i Korint slik Klemens skildrar den, og med det som faktisk gjekk føre seg.

3.1 *Klemens' skildring av situasjonen i kyrkjelyden*

Kva seier så Klemens om det som har gått føre seg i Korint? I byrjinga av brevet slår han an tonen: Han seier at korintarane er ramma av avskyeleg og vanheilag splitting (*στάσις*) som er "upassande og framand for Guds ut-

² I avhandlinga har eg freista å synne gjennom ein ordfeltanalyse av omgrepene *δούλοια* (semje) og gjennom ein komposisjonsanalyse av brevet at *δούλοια* er hovudtemaet gjennom heile brevet og er styrande for det som blir sagt om orden og embete.

³ Det følgjande er henta frå avhandlinga, kap. 4: "Social-Historic Situation", s 236-276.

valde”, 1:1. Denne *stasis*, som framleis held fram, har medført at det gode namnet og ryktet til korintarane har blitt spotta, 1:1. Ja ikke berre deira, men også Herrens namn har vorte spotta på grunn av deira uforstand, 47:7. I kontrast til det tidlegare rosverdige livet i kyrkjelyden, som var prega av samhald og omsorg for kvarandre, er den noverande situasjonen karakterisert av “misunning og nag, strid og opprør, forfølging og uorden, krig og fangenskap”, 3:3. Ved hjelp av kjende eksempel frå den bibelske historia forsøker Klemens å overtyde korintarane om at den noverande situasjonen er farleg for dei, og konkluderer ei liste av eksempel med å seie at “misunning og strid har lagt store byar øyde og gjort store folkeslag til inkjes”, 6:4. Analogt med innbyggjarane i ein by som lever i strid, er dei kristne i Korint i stor fare, 14:2, 41:4, for det endelege utfallet av strid og nag er død, 9:1. Den fare og død Klemens skriv om, refererer først og fremst til den eskatologiske fare og død, den evige fortapinga, men det synest også som det til ei viss grad siktat til den fysiske død, jf. 3:3, 4:6, 58:2.

Trass i at Klemens understrekar alvoret i situasjonen og den fare korintarane utset seg sjølve for, er han ved første augnekast heller vag når det kjem til informasjon om kven som stod bak splittinga og kva det underliggende motivet for striden var. Men han seier noko. Han klagar korintarane for at dei har avsett nokre av dei retteleg innsette presbytarane. Dette var personar som hadde utført sitt embete på den beste måten og som gjennom lang tid hadde fått eit godt vitnesbyrd av alle, 44:3-6. Sjølv om det synest som at Klemens held heile kyrkjelyden ansvarleg for det som hadde skjedd, slår han fast at det er ei mindre gruppe som er opphavsmennene til splittinga, 14:1, 57:1. Når Klemens introduserer temaet for brevet i 1:1, omtaler han dei som står bak splittinga som nokre “få tankelause og eigenrådige personar”, og i 47:6 seier han at det er skammeleg og uverdig for livet i Kristus at “den gamle og grunnfesta kyrkjelyden i Korint på grunn av ein eller to personar set seg opp mot presbytarane”.

Om Klemens tilsynelatande er tilbakehalden med informasjon om dei ulike grupperingane som er involverte i striden, og om det konkrete innhaldet i konflikten, er han dess tydlegare når det gjeld det overordna sikte med brevet: Han vil formane dei kristne i Korint til å avblåse striden og gjenopprette fred og semje. I tillegg til dei mange formaningane gjennom heile brevet som er relaterte til dette hovudsiktet, seier Klemens sjølv heilt direkte kva som er hovudpoenget når han i oppsummeringa av brevet karakteriserer det som ei “bøn om fred (*εἰρήνη*) og semje (*διμόνοια*)”, 63:2. Kva konkrete handlingar appellen for fred og semje inneber, er likevel ikkje så tydeleg, bortsett frå at opprørarane må underkaste seg dei lovleg utnemnde presbytarane, som no har vorte avsette, slik at dei får sin rettmessige posisjon attende.

3.2 Striden i Korint – eit forskingshistorisk riss

At Klemens tilsynelatande er tilbakehalden med informasjon om den underliggende årsaka til striden og hans generelle skildring av dei som leia an i opprøret, kan på den eine sida forklare dei mange forslag som forskarane har sett fram om kva striden gjekk ut på, og på den andre side kan det forklare at fleire forskrarar har så godt som resignert når det gjeld å finne svaret på dette sentrale punktet i Klemensforskinga. Før eg presenterer mitt eige forslag til løysing, skal eg heilt kort nemne dei synspunkta som har vore viktige i forskinga.

A. von Harnack freistar å tone ned alvoret i striden. Han hevdar at striden var eit utslag av klickvesen utan at det låg noko av prinsipiell karakter under. Fleire av dei nyare arbeida til 1. Klemensbrev sluttar seg til Harnack's minimalistiske løysingsforslag. Dei to viktigaste er studiane til Barbara E. Bowe og Harry O. Maier.

Fleirtalet av forskarane meiner likevel at det låg spørsmål av meir prinsipiell natur under konflikten. Det vanlegaste synspunktet er at striden attspeglar ein konflikt mellom karismatikarar og dei som i større grad vektla det kyrkjelege embete. Opphavsmennene til striden var personar som synte til sine nådegåver og motsette seg den veksande autoriteten til embete. Trass i at ein finn ulike nyansar i synet blant dei som argumenterer for at striden hadde sitt opphav i ulike oppfatningar om embete, er dei alle samde om at den grunnleggande årsaka til striden var ein konflikt mellom ein framleis levande karismatisk tradisjon, som gjekk attende til aposteltida, og ei aukande vektlegging av orden og hierarki.

Fleire av forskarane som deler dette synet, poengterer at konflikten ikkje hadde noko med lærespørsmål å gjere. Det var ikkje ein konflikt der spørsmålet om heresi var inne i bilet. Konflikten grunna seg utelukkande i ulike oppfatningar om embetets natur og posisjon.

Andre påpeiker at sjølv om termen "heresi" ikkje førekjem i brevet, så var for Klemens likevel spørsmålet om apostolisk orden relatert til lære. Distingsjonen mellom ordning og lære vaks fram på eit seinare tidspunkt i kyrkjehistoria, og er derfor anakronistisk med tanke på 1. Klemensbrev. Den fremste talsmannen for at striden hadde med lære å gjere, Walter Bauer, argumenterer likevel på ein annan måte. Han hevdar at i slutten av det første århundre var det to typar kristendom, ein "ortodoks" og ein "heretisk", det vil seie gnostisk, retning. Opprørarane i Korint tilhøyrdde den gnostiske retninga, som opponerte mot den ortodokse. Avsettinga av nokre av dei ortodokse presbytarane reflekterte ein situasjon der gnostikarane var

på offensiven og var i ferd med å auke oppsluttnaden. Rom blanda seg inn i striden, ifølgje Bauer, for å forsvare den ortodokse formen for kristendom og slik auke sin eigen innflytnad.

Ein anna teori som ofte blir referert i litteraturen, er hypotesa til Hans Lietzmann. Han argumenterer for at ein i den tidlege kristendommen tok over praksisen frå dei romerske foreiningane der leiarane vart valde for ein avgrensa periode. Vanskane i Korint starta då nokre valde leiarar nekta å gje slepp på embete då perioden var over. Yngre medlemmar av kyrkjelyden aksepterte ikkje dette, og ved å syne til den rådande praksisen i samtidige foreiningar lukkast dei med å fjerne leiarane og sjølve innta deira posisjonar.

Etter mi mening kan det rettast innvendingar mot alle desse forsøka på å finne den underliggende årsaka til striden. Når det gjeld det utbreidde synet at utgangspunktet for konflikten i Korint var spenningar mellom ein karsismatisk tradisjon og ein tradisjon som vektla faste strukturar og embete, stiller eg meg spørjande til det av følgjande grunnar: Dersom opponentane til Klemens appellerte til sine nådegåver for å gje støtte til og legitimere opprør mot embete, er det vanskeleg å forklare kvifor Klemens ikkje refererer til Paulus' formaning om den rette bruken av nådegåvene i 1 Kor 14 når han elles i brevet ofte siterer og alluderer til 1 Kor. Likeså er det påfallande at han ikkje refererer til Paulus' lærer om den relative vekt nådegåvene har i 1 Kor 13:8f. Det siste er dess meir påfallande sidan Klemens gjer bruk av 1 Kor 13 i ei endra form i 49:1ff. Mot heresiteorien til Bauer har fleire med rette påpeikt at det er ingenting i 1. Klemensbrev sjølv som skulle indikere at spørsmål som har med lære å gjere var stridens kjerne. Og mot teorien om at dei tidlege kristne overtok praksisen til samtidige foreiningar med eit tidsavgrensa leiarskap, kan det innvendast at ein finn ingen indikasjon i kjeldene om at valde leiarar fungerte i embete for ein avgrensa tidsperiode.

3.3 Striden i Korint – sosiale spenningar

Må vi med dette slutte oss til den resignasjonen som er å spore i nyare studiar til 1. Klemensbrev, at det ikkje let seg gjere å identifisere kva som var årsaka til striden? Eg er av den meinингa at dersom ein bruker den rette innfallsvinkelen, vil ein sjå at Klemens faktisk ganske rett fram gjev til kjenne kva han meiner var den underliggende årsaka til problema i Korint. I denne samanhengen er det avgjerande å legge vekt på, og forstå, det som Klemens skriv i 3:3 om kva som hadde gått føre. Her skriv han følgjande:

Dei utan ære (*ἄτιμοι*) reiste seg mot dei akta (*έντιμοι*), dei ukjende (*ἀδόξοι*) mot dei berømte (*ένδοξοι*), dei uforstandige (*ἄφρονες*) mot dei forstandige (*φρόνιμοι*), dei unge (*νέοι*) mot dei eldre (*πρεσβύτεροι*).

Fleire forskarar meiner at Klemens her alluderer til Jes 3:5, og at ein derfor ikkje kan trekke nokon konklusjon på basis av denne utsegna om hans oppfatning av det underliggende motivet for striden. Det er mogeleg at Klemens alluderer til Jes 3:5, men etter mi meining er det slett ikkje så sikkert som mange synest å tru. Men om ein likevel følgjer det utbreidde synet at Klemens alluderer til Jes 3:5, er det viktig å forsøke å svare på kvifor han gjer dette. Ein grunn kan vere at Klemens ser likskapstrekk på det generelle planet mellom oppførelsen til dei kristne i Korint og det gamaltestamentlege gudsfolk i den forstand at handlingane deira i begge høve inneber fråfall frå Gud. Den viktigaste grunnen til at Klemens i 3:3 eventuelt alluderer til Jes 3:5 er likevel etter mi meining ei anna, nemleg at han finn delar av språkbruken til profeten høveleg for å skildre situasjonen i Korint med den meininga denne har i hans kulturelle miljø i brei forstand, det vil seie i hans gresk-romerske kontekst. Mi tese er derfor at skal ein forsøke å finne svaret på kva konflikten i kyrkjelyden i Korint dreia seg om, slik Klemens framstiller det, må ein forsøke å tolke dei termene han bruker i 3:3 for å karakterisere dei involverte personane, innanfor ramma av det gresk-romerske kulturelle miljøet.

Dei mange studiar som drøftar den sosiale samansettningen i dei paulinske kyrkjelydane, er av stor verdi for dette føremålet. Interessant i denne samanhengen er at 1 Kor 1:26-29 har spela ei nøkkelrolle i diskusjonen om den sosiale statusen til medlemmane av desse kyrkjelydane. Som det vil bli gjort klart under, gjer Klemens i 3:3 bruk av synonym til fleire av dei termene Paulus bruker for å skildre medlemmane av kyrkjelyden i Korint. Paulus seier blant anna at det finst følgjande kategoriar kristne der: vise (*σοφοί*), mektige (*δυνατοί*), av edel herkomst (*εὐγενεῖς*), svake (*ἀσθενή*) og sterke (*ἰσχυρά*). Ulike studiar av Paulus sine brev til korintarane har på ein overtydande måte synt at sjølv om desse termene førekjem i ei teologisk ramme, har dei tydelege sosiologiske implikasjonar. Dessutan, noko som er av stor interesse i denne samanhengen, er det faktumet at det finst ei rekke hellenistiske tekstar der dei termene som er brukte i 1 Kor 1:26-29 karakteriserer personar av ulik sosial status: *σοφοί*, til dømes, er dei som tilhøyrer den delen av folket som har utdanning, *δυνατοί* er dei med stor innflytnad og *εὐγενεῖς* er dei som er av edel herkomst.

I 1 Kor 4:10 omtaler Paulus dei same personane som forstandige (*φρόνιμοι*), sterke (*ἰσχυροί*), berømte (*ένδοξοι*), og nyttar termene uforstandige (*μωροί*), svake (*ἀσθενεῖς*), utan ære (*ἄτιμοι*) som antonym. Med

basis i Paulus' bruk av slike termar med klare sosiologiske implikasjonar og utfrå hellenistiske tekstar, der slike termar førekjem i ein sosioøkonomisk kontekst, kan vi sette opp følgjande tabell med tre sett av synonym og korresponderande antonym.

- σοφοί* (vise) = *φρόνιμοι* (forstandige) versus *μωροί* (uforstandige)
- δυνατοί* (mektige) = *ἰσχυροί* (sterke) versus *ἀσθενεῖς* (svake)
- εὐγενεῖς* (av edel herkomst) = *ἐνδόξοι* (berømte) versus *ἄτιμοι* (utan ære)

Her er det ikkje nødvendig å diskutere meiningsa av dei einskilde termane. Det er tilstrekkeleg å slå fast at dei er relaterte til personars sosioøkonomiske status. Dei tre setta av synonym blir brukt om personar med høg sosial status: dei velutdanna, dei av edel herkomst og vanlegvis velståande, og dei korresponderende antonyma refererer til grupper med låg sosial status. Dersom vi no vender attende til 1 Klemensbrev 3:3 og den måten forfattaren skildrar dei ulike personane på vil vi sjå at han i stor grad gjer bruk av den terminologien som vi finn i tabellen over. Klemens lister opp fire motsetnadspar:

- | | |
|--------------------------------------|-------------------------------------|
| 1. <i>ἐντίμοι</i> (dei akta) | – <i>ἄτιμοι</i> (dei utan ære) |
| 2. <i>ἐνδόξοι</i> (dei berømte) | – <i>ἄδοξοι</i> (dei ukjende) |
| 3. <i>φρόνιμοι</i> (dei forstandige) | – <i>ἄφρονες</i> (dei uforstandige) |
| 4. <i>πρεσβύτεροι</i> (dei eldre) | – <i>νέοι</i> (dei unge) |

Det er ikkje mogeleg å distingvere mellom dei to første gruppene. Med utgangspunkt i tabellen over følgjer det at *ἐντίμοι* og *ἐνδόξοι* begge er synonym for *εὐγενεῖς* og refererer til personar av edel herkomst og som dermed høyrer til den sosiale eliten. Likeså kan vi slutte at *άτιμοι* og *άδοξοι* refererer til personar av låge sosiale klassar. *φρόνιμοι* er synonym for *σοφοί* og refererer til dei som høyrer til det laget av folket som har utdanning, i motsetnad til *άφρονες*. Med den sosioøkonomiske meiningsa av desse termane i minne, kan det knapt seiast meir direkte at konflikten i vesentleg grad hadde røter i sosiale spenningar enn det som Klemens gjer i 3:3 når han seier at "dei utan ære (*άτιμοι*) reiste seg mot dei akta (*ἐντίμοι*), dei ukjende (*άδοξοι*) mot dei berømte (*ἐνδόξοι*), dei uforstandige (*άφρονες*) mot dei forstandige (*φρόνιμοι*), dei unge (*νέοι*) mot dei eldre (*πρεσβύτεροι*)."

At Klemens meinte at hovudårsaka til konflikten botna i spenningar mellom personar frå ulike sosiale lag, synest også å vere reflektert lengre ute i brevet. Strid og splitting er øydeleggande for kyrkjelyden. Som eit middel til å bevare heile kyrkjelyden rettar Klemens i 38:2 følgjande formaning til korintarane:

La den sterke (*ἰσχυρός*) ta seg av den svake (*ἀσθενής*), og den svake respektere den sterke (*ἰσχυρός*). La den rike (*πλούσιος*) understøtte den fattige (*πτωχός*) og la den fattige takke Gud for at han gav han ein som kunne hjelpe i hans nød ...

Ufrrå konteksten er det rimeleg å forstå den "sterke" og den "rike" som primært den sosio-økonomiske sterke og rike. Likeså, den "svake" og "fattige" er primært den svake og fattige i sosio-økonomisk forstand. At Klemens i 38:2 på ein slik direkte måte rettar ei formaning om korleis menneske med forskjellig status og ære bør leve saman for å bevare heile kyrkjelyden, styrkar mi tolking av 3:3 – nemleg at dei termene Klemens bruker for å skildre opprørarane og dei som vart "offer" for opprøret, indikerer at han oppfattar konflikten i sosio-økonomiske kategoriar. Det er likevel vanskeleg å seie med stor grad av visse kva den eksakte grunnen til at personar frå det lågare sjiktet i kyrkjelyden fjerna nokre av dei legitimt valde leiarane. Den mest nærliggande årsaka synest å vere at dei hadde ambisjonar om større innflytnad i kyrkjelyden, til dømes i spørsmål som hadde med fordeling av innsamla midlar å gjere.

Ovanfor har eg understreka at forfattaren av 1. Klemensbrev skildrar konflikten med siktemål om å få korintarane til å gjenopprette "fred og semje" i kyrkjelyden. Dermed er brevet eit partsinnlegg i striden. Men som eg også har poengert, dersom avstanden mellom måten Klemens skildrar konflikten på blir for stor i høve til dei verkelege tilhøva, er det lite truleg at brevet hadde fått den gjennomslagskrafta som det fekk. Eit anna moment som kan peike i retning av at Klemens gjev ei rimeleg framstilling av hendingane i Korint, er at det i antikken var ei vanleg erfaring at konfliktar mellom forskjellige sosio-økonomiske klassar ofte spela ei sentral rolle i *stasis*. Her skal eg avgrense meg til å trekke fram nokre få tekstar som i tid har ei spennvidde på ca. 400 år. Først eit sitat frå Aristoteles. Denne eksperteren på politisk liv skriv:

For party strife (*στάσις*) is everywhere due to inequality, where classes that are unequal do not receive a share of power in proportion ... for generally the motive for factious strife is the desire for equality. (*Pol. 5.1.6-7*)⁴

Aristoteles diskuterer vidare kva slags type ulikskap det er snakk om og kva slags kjensler som gjev opphav til *stasis*. Han slår fast at det er opplagt at "the nature of gain and honour" kan skape *stasis*:

... for when the men in office show insolence and greed, people rise in revolt against one another and against the constitutions that afford the opportunity for such conduct; and greed sometimes preys on private property and sometimes on common funds. (*Pol. 5.2.4*)

⁴ Engelsk oversetting av klassiske tekstar er henta frå serien *Loeb classical library*.

Ein annan stad viser Aristoteles til det synspunktet nokre har om at rett fordeling av eigedom er svært viktig, for spørsmål relatert til dette er “universally the cause of party strife (*στάσις*)”, *Pol.* 2.4.1. Og går vi omlag fire århundre fram i tid til Dionysius av Halicarnassensis, som har skreve eit stort verk om Roms historie, stadfestar han at sosio-økonomiske spenningar kan skape grobotn for *stasis*. Dionysius siterer ei tale den vise mann Agrippa Menenius, avhenden for sine politiske prinsipp, heldt til senatet. Agrippa seier blant anna at:

... we are not the only people, nor the first, among whom poverty has raised sedition against wealth, and lowliness against eminence, but ... in nearly all states, both great and small, the lower class is generally hostile to the upper ...
(*Ant. Rom.* 6.54.1)

At spørsmålet om fordeling av eigedom ofte reiste strid, er også uttrykt på ein pregnant måte i ei av talene til den kjende retoren Aelius Aristides om einskap (*ὅμοιοια*):

For where each has separate possessions, what is expedient for each is also separate. Hence faction, battles, and disputes. For ‘this is not yours, but mine’ begins every argument. But where men believe that possessions belong to all in common, they also have a common point of view about them. (*Or.* 23.65)

Dei nett siterte tekstane syner at når Klemens skildrar striden i kyrkjelyden i Korint som ei konflikt mellom ulike sjikt, og at det dermed er sosiale spenningar som utløyste striden, verkar dette rimeleg. Det var nemleg eit utbreidd syn i antikken at *stasis* ofte hadde sin grunn i spenningar mellom ulike sosiale sjikt.

3.4 Striden i Korint – søken etter status og ære

Eg har indikert at årsaka til at opprørarane i kyrkjelyden i Korint gjennomførte eit slags kupp, var at dei ville ha større innverknad på blant anna fordelinga av felles ressursar. Men vi skal merke oss at dei termene Klemens bruker i 3:3 for å skildre dei involverte partane i striden, ikkje berre var relaterte til økonomisk stilling, men også til status og ære. På denne bakgrunnen vil eg lansere teorien om at ei medverkande årsak til opprøret i Korint var søken etter status og ære. For å kunne underbygge denne teorien må eg heilt kort seie noko om både den rolla ære spela i antikken og korleis ein oppnådde ære.

Ære var ein fundamental verdi i antikken, og mykje av det mellommenneskelege samkvem var styrt utfrå det å oppnå ære og unngå skam. Derfor blir kulturen i antikken gjerne karakterisert som ein skam–ære kultur. Ære var

på det nærmeste veve saman med patron–klient-relasjonar. Desse relasjonane gjennomsyrer samfunnet og regulerte i stor grad interaksjonen mellom menneske av ulike sosiale lag. Det grunnleggande kjenneteiknet på patron–klient–tilhøvet er at patronen, velgjeraren, har tilgang på ressursar av sosial, økonomisk og politisk art og deler desse med andre, klientar, som på ulike måtar er avhengig av desse ressursane. Som betaling kan klientane gje løfte om og syne solidaritet og lojalitet. Velgjeraren gjev det klienten treng, og får det han ynskjer i retur. Og her kjem dette med ære inn. Klienten syner sin solidaritet og lojalitet til patronen i form av ulike uttrykk for ære og lydnad. Det var vanleg, til dømes, at velståande borgarar donerte penger for å dekke drifta av byen til det felles beste for folket. Vanlege uttrykk for den ære ein fekk i retur var reserverte sete i teateret, ein kunne få namnet sitt skreve over inngangsdøra til ein viktig bygning, ein reiste statuer av dei aktuelle personane og ein lønna velgjerninga med å gje dei embete i det offentlege liv. I denne samanhengen skal vi spesielt merke oss den store ære som var assosiert med å inneha eit offentleg embete. Plutark reflekterer ei utbreidd oppfatning når han karakteriserer eitkvar offentleg embete som noko stort og heilagt og seier at ein må vise den som innehavar eit embete, den største ære.

Verdien av ære for det antikke mennesket var så stor at det ikkje var uvanleg at rikfolk var villige til å bruke så mykje penger for å sikre seg det at det medførte økonomisk ruin. Det var likevel ikkje berre den rikaste delen av folket som kunne kjøpe seg ære. Til dømes kunne ein frigjeven slave med forhaldsvis moderate økonomiske ressursar response frivillige foreininger og i retur motta ære og lovprisning frå medlemane. Likeså kunne ein mann fungere som velgjerar for ulike grupper i eit hushald og i retur motta ulike uttrykk for ære.

Tekstar frå antikken slår fast at dersom ein person fekk ei eller anna form for gave, var vedkommande pliktig til å respondere på denne på ein måte som synte gjevaren ære. Dersom det ikkje vart gjort, brakte det skam både over den som gav og den som mottok gave.

Men skam og ære var også assosiert til livssfærer som ikkje direkte hadde med økonomiske ressursar å gjøre, til dømes reglane for konvensjonell oppførsel i hushaldet. Mannen kunne i samsvar med desse forvente at kona og borna hans var lydige imot han og slik synte han ære. Dersom dei oppførte seg mot koden for konvensjonell åtferd, ville dei føre skam over han. Dette tyder at dersom ein handlar annleis enn det som var rekna for å vere i samsvar med gjeldande sosiale orden, det vil seie at ein ikkje handssamer ein person i samsvar med hans sosiale posisjon i samfunnet, bringer ein skam over vedkommande. Det var eit karakteristisk element ved mentaliteten til menneska kring middelhavsområdet at dersom nokon gjorde

opprør mot den eksisterande sosiale ordenen, så var slik oppførsel vanærande. I ein skam–ære kultur er det også essensielt å ha eit godt namn og rykte.

På denne bakgrunn forstår ein at ære var ein fundamental verdi i antikken, og mykje av byborgarane sine liv var retta mot å komme i ein posisjon som gjorde at ein vart gjenstand for ære. Derfor er det ikkje overraskande at søken etter ære kunne føre til strid i ulike sosiale einingar. Aristoteles har erfart at "... men form factions both when they are themselves dishonoured and when they see others honoured", *Pol.* 5.2.4. Og Plutark skriv at

... in public life one must escape, not from one tyrant, the love of boys or women, but from many loves which are more insane than that: love of contention, love of fame, the desire to be first and greatest, which is a disease more prolific of envy, jealousy, and discord. (*Mor.* 788 E)

No er det på tide å vende attende til 1. Klemensbrev og sjå om det som er sagt om patron–klient-relasjonar og ære, kan kaste lys over striden i Korint. Først skal vi merke oss at Klemens i sin argumentasjon synest å reflektere den store verdien ære hadde for det antikke mennesket. Etter at Klemens har introdusert temaet for brevet poengterer han at korintarane sitt gode namn er blitt til spott, 1:1. I samband med dette vil eg framheve tre moment: (1) I ein skam–ære-kultur, der eit godt rykte er av stor verdi, fungerer dette som eit argument om å avblåse striden slik at det gode rykte kan bli restituert. (2) Klemens føreset at det er ein samanheng mellom opprør (*stasis*) og därleg rykte. Avsettinga av presbytarane medfører eit opprør mot den tidlegare ordenen i kyrkjelyden. Klemens synest dermed å reflektere det konvensjonelle synet at opprør mot den eksisterande ordenen er vanærande. (3) I si lovprising av det tidlegare livet i kyrkjelyden, som gav korintarane det gode rykte, fokuserer Klemens på den kjennsgjerninga at dei levde i samsvar med dei etablerte reglane for hushaldet, 1:2-2:8. Med andre ord, korintarane levde på ein måte som heldt oppe den eksisterande sosiale ordenen og handla dermed ærbart.

I 47:5-7 gjentek og forsterkar Klemens påstanden om at den noverande striden har som konsekvens at ryktet til korintarane har lidd. Han omtaler det som pågår som "skammeleg", ja som "ytterst skammeleg", og gjer det klart at ryktet om dette har nådd langt utover. Klemens seier altså i klartekst at striden har ført skam over kyrkjelyden i Korint. Det synest som Klemens i sin argumentasjon medvete spelar på den store verdien det er å ha eit godt rykte og det å unngå skam.

Kva så med patron–klient-relasjonen? Her er den tidlegare siterte formaninga i 38:2 av stor interesse. Som ei løysing på striden og som eit middel til å bevare kyrkjelyden, formaner Klemens her korleis kristne med ulik sosial status og ære bør leve saman. Dei sterke og rike skal bruke sine

midlar til å sørge for dei svake og fattige. Dei sist nemnde skal på si side respektere dei sosio-økonomisk sterke og gje takk til Gud. Dette inneber sannsynlegvis at dei svake og fattige må uttrykke lojalitet og syne lydnad, og dermed vise dei sterke og rike den ære som samsvarer med deira sosiale posisjon. Det synest altså som Klemens lanserer ei løysing på striden i Korint som reflekterer det grunnleggande kjenneteiknet på patron–klient-relasjonen.

Sidan Klemens slik synest å attspegle det basale aspektet ved patron–klient-relasjonen og ikkje minst den store verdi ære hadde i samfunna kring Middelhavet i antikken, er det rimeleg å tru at han både kjende til dei vanlege uttrykka for ære og at han viste at søken etter ære ofte gav seg utslag i strid. I så fall viste han også at det å inneha eit offentleg embete var assosiert med stor ære. På denne bakgrunnen er det godt mogeleg at Klemens var av den oppfattninga at søken etter ære var eit underliggende motiv for at "opprørarane" fjerna nokre av presbytarane frå sine embete og sjølve tok deira posisjon. Men som vi har sett, Klemens går til rette med slike ambisjonar ved å hevde at det dei har gjort, i røynda har hatt den motsette effekt; det gode ryktet til korintarane har lidd og dei har ført skam over kyrkjelyden.⁵

4 Oppsummering og aktualitet i dag

Med å ta utgangspunkt i den måten Klemens i 3:3 skildrar opprøret i kyrkjelyden i Korint på har, eg freista å vise at han framstiller striden i sosio-økonomiske kategoriar. Det synest som striden botna i sosiale spenningar: representantar frå det lågare sjiktet ynskte å få større innflytnad i kyrkjelyden. Vidare er det utsegn i brevet – når vi les dei i lys av patron–klient-relasjonen og den store verdi ære hadde i antikken – som kan tyde på at opprørarane hadde ambisjonar om å auke si ære gjennom å overta presbytarfunksjonen til dei avsette leiarane. Etter mi mening er dette forslaget til løysing på det omdiskuterte spørsmålet om kva som var den underliggende årsaka til striden i kyrkjelyden i Korint, eit bidrag til å bringe forskinga ut av den resignasjonen ein kan spore i nyare studiar.

Har så 1. Klemensbrev nokon aktualitet i dag? Livet i kyrkjelydane og den almenne kulturen som var med å prege dei kristne i middelhavsområde i antikken, var på mange måtar forskjellig frå kristne og den moderne vest-

⁵ For ein fyldigare argumentasjon for at søken etter ære sannsynlegvis var eit underliggende motiv i striden, syner seg til avhandlinga, s 262-274.

lege kulturen, til dømes når det gjeld patron–klient-relasjonen og fokus på ære. Men i asiatiske og afrikanske kulturar, der NMS driv misjon, spelar skam–ære-kategoriane ei stor rolle. Dessutan er klassekilmadane større enn i den vestlege kulturkrinsen. Når det oppstår strid og splitting i desse kyrkjelydane, vil eg tru at ein ofte finn tilknytningspunkt til tematikken i 1. Klemensbrev.

Som alt indikert kan mange element ved den konflikta som er skildra i 1. Klemensbrev, verke framand og irrelevant med tanke på konflikter i norske kyrkjelyder i dag, til dømes spenninga mellom ulike sosiale sjikt, ære-skam-kategoriane og den løysinga Klemens skisserer på konflikten når han attspeglar basale element i patron–klient-relasjonen. Vidare er den vekt han legg på lydnad, orden og underordning under autoritetar, framand for mange av oss. Eg trur likevel at spørsmålet om ære spelar ei større rolle hjå oss enn vi kanskje først trur. Det går fort prestisje i ein strid, og prestisje handler også om ære. Og til slutt: Kanskje er det på sin plass at vi i vår kulturkrins, som er så individualistisk orientert, låner øyro til Klemens når han går til rette med personar som skaper strid for å tilfredsstille eigne ambisjonar og ikkje innrettar seg etter det som er det felles beste for kyrkjelyden. Positivt uttrykkjer han seg slik: "La einkvar underordne seg sin neste", 38:2.